

Ved den fyrste tangoen, den i femte kyrkjetonearten, skriv Bovet at det her, etter spansk tradisjon, skal klinge "eit særskilt register i venstrehande og eit soakare i høgre hande. Bassregisteret skal helst ha ein rå klang og tangoen skal spelast på ein djerv og bestemt måte, slik at organisten sine evner tydeleg kjem fram og tilhøyraren mest mogeleg kan glede seg over dette. Den rå klangen må også minne oss om at, sjølv om kor gode gjerningane våre er, djevelen alltid fylgjer oss og ligger og lurar på sjela vår."

"Tango i niende kyrkjetoneart, der organisten sin høgre hand skal spele på eit særskilt register, og som bærer namnet 'Tango de Polonia' (polsk tango) fordi den i det fjerne landet vart komponert, og ein i musikken kan gjenkjenne nokre kjenneteikn av Frédéric Chopin som, i likskap med salig pave Johannes Paul II, stammer frå polsk jord. Same tango vart også komponert for å ergre og oppsede hollandske organistar (må den gode Gud velsigne og bevare dei i all æva), for dei pleier alltid å framheve den fyrste av fire noter når dei speler orgel, og i denne tangoen er notene delt inn i grupper av 3, 4, 5 eller 7, slik at ein ikkje kan gjere dette."

Kurt Wiklander, Dalakoral 'Kom helge Ande' / Scherzo ostinato

Wiklander er ein svensk komponist som også har utdanning som pianist og organist. For han er skandinavisk natur og folkemusikk to viktige inspirasjonskjelder. Dette kjem tydeleg fram i eit roleg koralforspel basert på ein folketone frå Dalarna.

Scherzo ostinato, opus 3 nr. 3 frå 1985, er ein av dei fyrste Wiklander-komposisjonane som vart publisert. Eit, som namnet alt avslører, livleg og festleg stykke musikk i A-B-A form med ein bokstaveleg talt hardnakka (rytmisk) ostinat.

kort om Ines Maidre:

1985 avslutta ho piano- og orgelstudiet ved Musikkhøgskulen i Tallin, Estland med utmerking, 1989-1991 orgelstudier ved Ecole Niedermeyer, Paris med Daniel Roth, avslutta med 'Prix d'Excellence avec felicitations', 1994-1998 studier barokk-interpretasjon og cembalo med Hans Knut Sveen ved Griegakademiet i Bergen, masterclasses med Martin Haselböck, Leo Krämer, Jean Boyer, Olivier Latry og Hans Fagius, fyrste prisvinner ved 'Concours Musicale d'Ile de France' i 1991, speler orgel- og kammermusikkonsertar over store deler av verda og underviser i orgel-literaturspel ved Griegakademiet i Bergen,

meir informasjon finn du på: www.inesmaidre.com

Fusa kyrkje, fredag 13. juni 2008
Orgelkonsert ved **Ines Maidre**

Dietrich Buxtehude
1637-1707

Toccata i F
BuxWV 156

Johann Pachelbel
1653-1706

-Ciaccona i f
-Fuge i C

Johann Sebastian Bach
1685-1750

Preludium og Fuge i D
BWV 532

Albert Alain
1880-1971

-Aria
-Final en fa mineur

Peeter Süda
1883-1920

-Basso ostinato
-Scherzino

Guy Bovet
1942

frå **Tangos ecclesiasticos:**
-Tango i femte tone
-Tango i niende tone

Kurt Wiklander
1950

-Dalakoral: Kom helge Ande till mig in
-Scherzo ostinato

*utøveren tek gjerne imot applaus, men ser helst
at publikum sparer alt til slutt*

Dietrich Buxtehude, Toccata in F, BuxWV 156

Eit festleg og frodig verk i "Stylus Phantasticus" (fantasifull stil). I løpet av verket vert mange ulike idéar presentert i relativt korte avsnitt, som om det heile var ein improvisasjon. Stilen nådde eit høgdepunkt i den såkalla nordtyske orgelskulen der Buxtehude (med røter frå Helsingborg i Danmark) var ein av dei viktigaste representantane. Såpass viktig at J. S. Bach reiste til fot over ein avstand på ca. 400 km frå Arnstad (Thüringen) til Lübeck, der Buxtehude sidan 1668 organist var.

Johann Pachelbel, Ciacona in f / Fuge i C

Pachelbel var ein av dei viktigaste representantane for ein heil annan tradisjon: den sørtyske orgeltradisjonen (sjølv om andre heller reknar han til den middeltyske tradisjonen).

Ein '*ciacona*' er ein ostinato-form der bass-temaet stadig vert gjenteke (ostinato = hardnakka). Til forskjell med ein passacaglia er det i ein ciacona lov at stemmen beveger seg utanfor rammen av temaet og tidvis ugjenkjenneleg kan vere.

Ein '*fuge*' (det latinske ordet '*fuga*' betyr 'flukt') er eit fleirstemt verk, bygd opp etter såpass strenge regler at det er eit under at eit slikt verk klinger som musikk – men det er jo der sjølve kunsten kjem inn. Eit tema vert introdusert, fyrst i ei stemme, så i andre, tredje og fjerde stemmen. Kvar gong temaet kjem i ei ny stemme fortsetter dei andre stemmene med ei melodiføring etter bestemte kontrapunktiske regler. Kontrapunkt (punctus contra punctus = note mot note) er komposisjonsprinsippet som gjeld for kombinasjon av jamnbyrdige stemmer satt opp mot eit bestemt tema.

Johann Sebastian Bach, Preludium og Fuge i D, BWV 532

At det tre månader lange studieopphaldet hjå Buxtehude bar frukter, viser dette preludiet som også er komponert i "Stylus Phantasticus". Verket er bygd opp av fem ulike avsnitt.

Fuge-formen fekk sitt utviklingsmessige høgdepunkt hjå Bach, og den her i D-dur er ein av Bach sin mest virtuose. Spesielt temaet i pedalstemmen krev ein god del teknikk hjå utøveren.

Albert Alain, Aria / Final en fa mineur

Albert Alain studerte med Alexandre Guilmant, Louis Vierne og Gabriël Fauré og var organist i ein drabantby ved Paris. Han er eigentleg mest kjent som far til komponisten Jehan Alain og konsert-organisten Marie-Claire Alain. Dessutan er han kjent for hobbyprosjektet hans: eit pipeorgel heime i

stua. Dette vaks etterkvart ut til eit stort orgel med fire manualer og pedal. Etter hans død måtte ein ta ned orgelet og heldigvis har det vore forsøkt å bygge det opp att. Planane skjôt fart då Guy Bovet (sjå seinare i programmet) tok tak i dette, og sidan 1991 står orgelet i eit hus i Romainmôtier i Sveits. Huset er senteret for "Association Jehan Alain" som organiserar kurs, konsertar og seminarer kring komposisjonane av familien Alain.

Peeter Süda, Basso ostinato / Scherzino

Süda var ein estisk komponist og organist. Han komponerte stortsett for orgel men mange verk blei diverre ufullendt pga. hans tidlege død. I 1993 har Ines spelt inn dei mest sentrale orgelverk ism. ein film om Süda. I 2006 gjorde ho nye opptak, denne gangen med sikte på ein cd-utgave, som kom på markedet tidlegare i år. Cd'en er spelt inn på orgelet i Domkyrkja i Tallinn, byen der Süda var organist frå 1912 og sidan 1919 også underviste i orgel, komposisjon og musikkteori ved Musikkhøgskulen.

Under Pachelbel har det alt vore snakk om ostinato-formen Ciacona. Ein annan ostinato-form møter me i kveld i verket "*Basso ostinato*". Den byrjar med eit bass-tema (F-f-E-e-Ess-ess-D-d-Dess-dess-C-c) som stadig vert gjenteke. Opp på dette vert heile tida nye variasjoner utvikla – akkurat som i Pachelbel sin kjente Kanon, som også er bygd opp på ein 'basso ostinato'.

Ein "*scherzo*" (italiensk for 'spøk') er eit verk med livleg karakter, ofte i tredelt takt. Også dette verket er, ikkje ulik verket "*Basso ostinato*", basert på Süda's favoritt-tema: f-e-ess-d-dess-c i hans favoritt-toneart f-moll.

Guy Bovet, Tangos ecclesiasticos (kyrkjelege tangos)

Bovet er ein fargerik, all- og mangsidig artist. Reiser verda rundt for å spele orgelkonsertar, har gitt ut meir enn 50 cd'ar og komponert meir enn 200 komposisjonar (ikkje berre for orgel, men også for teater og film). Ved sida av dette har han som vitenskaper klart å skrive meir enn 2000 artiklar i diverse musikk-tidskrifter, bl.a. i det sveitsiske "La Tribune de l'Orgue" som han er redaktør for. Korleis han får tida til å strekke til er ukjent, for ved sida av alt dette underviser han også ved Musikkhøgskulen i Basel (Sveits) og ved ulike masterclasses over heile verda. Når han er heime er han på sundagar å finne på orgelkrakken i Collégiale-kyrkja i Neuchâtel.

Bovet sine "Tangos ecclesiasticos" referer både til tangomusikken på den eine sida og til kyrkjemusikken eller kyrkjelege personar på den andre sida. Ei slik blanding av kontrastar har frå gamal av eksistert, både i kormusikken - t.d. messekomposisjonar basert på verdslege melodiar (folketonar!) - og i orgelmusikken - t.d. variasjonar over koralmelodiar etter danseformer.